

Informasjon om: Individuelt tilrettelagt barnehagetilbud for barn med nedsatt funksjonsevne



Granvin



Eidfjord



Ulvik

Barn med nedsett funksjonsevne er gjennom lov og internasjonale konvensjonar sikra retten til å delta i samfunnet på lik linje som funksjonsfriske barn. Dette betyr at barn med nedsett funksjonsevne skal kunna delta i barnehagen på lik linje som andre barn.

Barnehagelova § 2, tredje ledd, stiller krav til at barnehagen skal tilpasse tilbodet blant anna ut frå barnet sitt funksjonsnivå. Dette betyr at barnehageeigar har ansvar for å sjå til at barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbud i tråd med lova. Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjera innanfor dei ordinære rammene.

Kommunen/heradet skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbud

Barn med nedsett funksjonsevne jf. barnehagelova § 19 g, er barn med fysiske, psykiske og kognitive funksjonsnedsettingar.

Barnehagelova § 19 g fastslår at kommunen/heradet har plikt til å legge til rette barnehagetilbudet for barn med nedsett funksjonsevne. Lovteksten er som følgjer:

«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.»

Kommunen/heradet si tilretteleggingsplikt gjeld tiltak som er nødvendig for at barnet skal kunne nytta seg av barnehageplassen. Plikta gjeldt barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen/herad og som har barnehageplass.

Kommunen/herad si tilretteleggingsplikt medfører ikkje til at kommunen/herad må finansiere tilrettelegging som den einskilde barnehage er pålagt som følge av krav i barnehagelova eller anna regelverk.

Det er føresette som melder om ønskje om tilrettelegging av barnehagetilbudet til sitt barn. Barnehagen rettleiar føresette i å skrive søknad om behov for individuelt tilrettelagt barnehagetilbud for barn med nedsett funksjonsevne.

Kommunen/herad ved barnehagefagleg ansvarleg fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet. Avgjera er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Føresette har klagerett på vedtaket. Klageinstans er Fylkesmannen, jf. § 9 b.

